



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Justis- og byggesaksavdelinga

Sakshandsamar, innvalgstelefon
Ivar Abrahamsen, 5557 2029

Vår dato
01 FEB. 2001
Dykkar dato
7.12.2000.

Vår referanse
00/16910 423.11 IAB.
Dykkar referanse
00/01781-12

...
Lindås kommune
Teknisk etat
5914 Isdalstø
...

LINDÅS KOMMUNE	
Saksnummer	58/119
13. 08. 2009	
Ark. saksnr.	2009/1069
Saksnr.	DALA
Løpnr.	
Tilgjengskode	

LINDÅS KOMMUNE TEKNISK	
Arkivkode	
- 2 FEB. 2001	
Ark. saksnr.	Løpnr.
00/01781	00948/01
Saksnr.	Grad
F.70	

**PLAN- OG BYGNINGSLOVA - LINDÅS KOMMUNE - KLAGE PÅ VEDTAK
OM NAUST OG KAIANLEGG PÅ GNR 58, BNR. 4 BUSKENESET VED
BERGFJORDEN - KLAGE FRÅ KJELL TYSNES**

Fylkesmannen viser til ekspedisjon datert den 7.12.2000.

Sakstilhøvet

Fylkesmannen legg til grunn at sakstilhøvet er kjend slik at fullstendig saksreferat ikkje vert gitt. I korthet gjeld saka klage på vedtak om løyve til oppføring av i alt 8 naust med kaianlegg. Den 5.10.2000, sak 155/00 fatta formannskapet vedtak der det blei krevd at to og to naust skulle byggjast saman og naustrekka blei plassert ca 5 meter lengre frå nordre naustplassering. Naustrekkja vil då få en samla lengd på 43 m.

Kjell Tysnes har i brev 7.8. og 25.10.2000 påklagd vedtaket. Klagen er supplert ved brev av 16.12.2000 med vedlegg. Klagar meiner at det ikkje er i samsvar med reguleringsplanen å gje løyve til kaianlegget. Klagar viser til § 4 i føresegnene. Klagar meiner også at anlegget er eit unødvendig naturinngrep og at det ikkje ligg føre ei vurdering av tiltaket opp mot plan- og bygningslova § 74 nr 2.

Klagen blei handsama av formannskapet den 30.11.2000, sak 188/00. Klagen blei ikkje tatt til følge og formannskapet sitt vedtak i sak 155/00 blei stadfesta.

Fylkesmannen ser saka slik

Arealet saka gjeld er regulert i reguleringsplan for Buskeneset hytteområdet. Det ligg føre reguleringsføresegner. Klagar meiner at gitt løyve er i i strid med reguleringsføresegnene § 4.

I § 4 i føresegnene heiter det:

"I naust og og båtopplagsomåde kan det berre forast opp naust. Før byggjing tek til, skal det liggja føre ein situasjonsplan som viser samla utnytting og detaljløysning for det einkilde område."

LINDÅS KOMMUNE	
Klagesak nr.	58/119
13. 08. 2009	
Saksforer	289/109
Ansvarlig	

Klagar meiner at kaianlegga er i strid med reguleringsføresegnene § 4. Rett nok seier føresegnene at det berre kan først opp naust, men fylkesmannen forstår føresegnen slik at andre bygg til dømes hytter kjem i strid med føresegnene. Midlertid vil anlegg som er naudsynt for å få tenelege naustanlegg ikkje kome i strid med føresegnen. Fylkesmannen meiner på denne bakgrunn at føresegnen må tolkast i samanheng med reguleringsføremålet og kai/opptrekk vil såleis ikkje kome i strid med reguleringsplanen.

Klagar meiner at tiltaket ikkje har ein god estetisk utforming. Tiltaket er etter klagar si meining ikkje vurdert opp mot lova sine krav til estetisk utforming.

Tiltaket blei godkjent av kommunen og fylkesmannen legg til grunn at saka sine estetiske sider blei vurdert slik at tiltaket støtter lova sine krav.

Skjønnnet i plan- og bygningsloven § 74 nr. 2 er vanskeleg og krev ei konkret vurdering frå sak til sak.

Skjønet må så langt som mogleg gjerast objektivt. I eit slikt objektivt skjøen vil arkitektonisk stilart, andre gjennomførte bygningstekniske trekk, omkringliggende bygningar, terrengtilhøva mv tilleggast vekt.

Kommunen skal vurdere om tiltaket tekt i vare omsynet til skjønnnet i seg sjølv og i høve omgjevnadene. Tiltaket skal harmonere med bygde og naturgitte tilhøve på staden. Vi viser til Kommunal- og arbeidsdepartementet og Miljøverndepartementes rundskriv H-7/97 side 13-14. Hva angår dei faktiske tilhøva viser vi til saka sine tegningar.

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaket vil ligga innanfor dei krav som er satt i pbl § 74 nr 2. Nausta og kaianlegga vert bygga etter ein samla plan og vil få ein heilheitleg utforming. Dette er ein fordel i høve estetisk utforming. Fylkesmannen har vurdert tiltaket sine estetiske tilhøve og meiner at det ikkje er heimel i pbl § 74 nr 2. til å kreve endringar i utforminga.

Kommunen sin avgjerd er innanfor dei skranker som lova set og fremstår ikkje som åpenbart urimeleg. Vi kan forstå dei tilhøve klagar tek opp, men mener etter ein totalvurdering at dei ikkje kan gje grunnlag for å ha eit anna standpunkt enn kommunen.

Fylkesmannen har med dette teke stilling til klagen. Etter ei vurdering av dei faktiske og rettslige sider av saka finn ein at klagen ikkje kan føre fram. Fylkesmannen viser elles til kommunen sin handsaming av klagen. I all hovudsak tiltrer fylkesmannen kommunen sin grunngeving og vurdering.

I Forvaltningslova § 34, 2. lekk, 3. pkt går det fram at statleg organ skal ved handsaming av klagersaker legge vekt på hensynet til det kommunale sjølstyre ved prøving av det fri skjøn. Klagesaka må også sjåast i denne samanhengen.


Fylkesmannen stadfester kommunen sitt vedtak i sak 155/00.

Fylkesmannen sitt vedtak er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 15.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf Forvaltningslova § 28.

Saksdokumenter ligg ved.

Med helsing


Rune Øpsen Bødtker e.f.
avdelingsdirektør

LINDAS KOMMUNE	
Kommunikasjon	58/119
13. 08. 2009	
Ansvarlig	Tilgjengelig
209/1069	
Saksnr.	Tilgangskode
DATA	


Ivar Abrahamsen
rådgjevar

Gjenpart: Oddvar Tveiten, 5291 Valestrandsfossen
Kjell Tysnes, Helleveien 174, 5039 Bergen